



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELE FELLESRÅD
08.09.2022 kl. 16.00- kl. 18.00 i Møtelokala ved Hjelmeland kyrkjekontor.

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Solgunn L Asprusten, Lena Sofie Lundberg, Kristin Kostøl Helgaland og Reidunn Ferstad (sekretær)

Forfall: Hilde Smith, Sigrid Sigmundstad (sokneprest)

Møtande varamedlemmar: Gunhild Austigard, Sigrunn H Arnesen (prost)

00/22 GODKJENNING AV INNKALLING, SAKLISTE OG REFERAT FRÅ SIST MØTE

Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og sakliste og referat frå møtet 2. juni 2022.

SAK 17/22 ORIENTERING OG REFERATSAKER

Forslag frå Hjelmeland sokneråd å henge det vevde teppet som hang i Hjelmeland kyrkje fram til 2008 i 1. etasje i Spinneriet.

Vedtak: Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

SAK 18/22 Vedlikehaldsavtale for orgela

Vedtak: Vedlikehaldsavtalen med Buder vert satt i bestilling

SAK 19/22 Rekneskap rapport 1. halvår

Driftsrekneskapen for 1. halvår var ikkje klar på grunn av lang sjukmelding.

Det vart orientert om straumutgiftene. Med KNIF-innkjøpsavtale for kraft har straumen for 1. halvår kosta noko under dobbelt så mykje som i 2021.

Vedtak: Driftsrekneskap vert lagt fram på neste møte fellesrådet.

SAK 20/22 Førebels budsjett for 2023

Stillingar 2023 (korrigert)

Kantor		100 %
Trusopplærer		100 %
Gravplassarbeidarar	70 + 60	130%
Administrasjonssekretær	40%	40 %
Diakonimedarbeidar	20 %	20 %
Kyrkjetenar	Hjelmeland 22 %	22 %
Kyrkjetenar	Årdal 15 %	15 %
Kyrkjetenar	Fister 15 %	15 %
Kyrkjetenar	Jøsenfjorden 3 %	3 %
Reinhold kontor		3 %
Kyrkjevevje	100 %	100 %
Sum 2023		548%

I tillegg ynskjer fellesrådet å auke diakon-stillinga med 20 % til 40 %.

Det er mange usikre budsjettpostar i det foreløpige budsjettet. Det vert presisert at dette er eit førebels budsjett. Endeleg budsjett vert vedteke etter at kommunalt drifts og investeringstilskot er vedteke.

Vedtak: Førebels drifts- og investeringsbudsjett vert vedteke slik det ligg føre. Søknad om drifts- og investeringstilskot vert oversendt kommunen innan fristen kommen set for det. Søknaden om auka driftstilskot vert godt grunngjeven.

1. Det vert søkt om kr. 4,3 mill i netto i driftstilskot for 2023
2. Det ver søkt om kr. 500 000 eks. mva. i investeringstilskot for 2023

SAK 21/22 Ymse

Solgunn L Asprusten søker permisjon frå Fellesrådet fram til sommaren 2023

Sokneråda har drøfta samanslåing av sokneråd og har konkludert med at det ikkje er aktuelt no.

Fellesrådsleiar orienterte om «Spørreundersøkelsen til fellesråd om kirkelig organisering/arbeidsgiveransvar» som er sendt ut i forkant av kyrkjemøtets handsaming av saka på 21.-26. september 2022.

Vedtak: Fellesrådet vedtok ikkje å svare på «Spørreundersøkelsen til fellesråd om kirkelig organisering/arbeidsgiveransvar»

Hjelmeland, 19.09.2022
Terje Thornquist
Leiar

Reidunn Ferstad
kyrkjeverje